

Prinsippsak om førehandsbompengar til E39 Ådland – Svegatjørn (Hordfast)

Strekninga E39 Stord – Os er eitt av utbyggingsprosjekta i det overordna utgreiingsprosjektet «Ferjefri E39», og vil bidra til redusert reisetid mellom Stavanger og Bergen (Kristiansand og Trondheim). Mellom Stavanger og Bergen er det i dag to ferjestrekningar. Rett nord for Stavanger er det ferje mellom Mortavika og Arsvågen, og lenger nord går ferja mellom Sandvikvåg i Fitjar og Halhjem i Os kommune. Den sørlege ferjestrekninga blir erstatta av tunnelprosjektet Rogfast som er under arbeid. Ferjesambandet Sandvikvåg – Halhjem vil bli avløyst når E39 Stord – Os blir realisert. Det vert og ferjesambanda Jektevik – Hodnaneset og Halhjem – Våge.

I NTP 2018 – 2029 Meld. St. 33 (2016-2017) er prosjektet omtalt fleire stader . På sidene 110 og 111 står følgjande:

E39

E39 går fra Kristiansand til Trondheim, og går bl.a. innom Stavanger, Bergen, Ålesund og Molde. Fra Kristiansand til Trondheim utgjør E39 i dag 1 068 km. Det er sju ferjer på strekningen. Det tar i dag mellom 20 og 21 timer å kjøre hele vegen. Regjeringen har som ambisjon å binde Vestlandet sammen med en opprustet og ferjefri E39.

En utbedret og ferjefri E39 vil være 47 km kortere enn i dag, og reisetiden vil være halvert, til om lag ti og en halv time. Store næringslivsregioner og bo-, arbeids- og servicemarkeder vil bli knyttet sammen og vil gi et bedre grunnlag for å kunne utvikle Norges største eksportregion. Teknologit utvikling for fjordkryssinger vil i seg selv gi norsk næringsliv et nytt område å benytte kompetanse fra bl.a. offshoresektoren. Regjeringen vil prioritere videre planlegging av E39, med vekt på å utvikle løsninger som er kostnadseffektive å gjennomføre, og fremdrift må bl.a. avhenge av teknologisk modenhet. Den videre planleggingen må søke å redusere kostnadsnivået ut fra dagens estimer. Regjeringen vil ikke knytte ferdigstilling av ferjefri E39 til et bestemt årstall. Fremdriften i arbeidet med å realisere ferjefri E39 vil bl.a. være avhengig av det økonomiske handlingsrommet og det videre planarbeidet, herunder arbeidet med de teknologiske løsninger for de store fjordkryssingene.

E39 Rogfast, E39 Ådland – Svegatjørn (Hordfast) og E39 Ålesund – Molde (Møreaksen) er prioritert i planperioden av hensyn til planklarhet, samfunnsøkonomi og potensielle regionale effekter av å knytte bo- og arbeidsmarked nærmere sammen. De er nærmere omtalt i kapittel 13. De største prosjektene som inngår i ferjefri E39 er:

- *E39 Rogfast, omfatter en 26,7 km lang undersjøisk toløps tunnel under Boknafjorden mellom kommunene Randaberg og Bokn i Rogaland. Det er også planlagt en 3,7 km lang ettløps tunnelarm opp til Kvitsøy.*
- *E39 Ådland – Svegatjørn (Hordfast) i Hordaland er om lag 52 km og vil være en ny hovedveg mellom Stavanger og Bergen. Dagens veg går fra Ådland til Sandvikvåg på Stord med ferje over til Halhjem i Os. Ferjestrekningen er om lag*

23 km med overfartstid på 40–45 minutter. Sammen med Rogfast vil hele strekningen mellom Bergen og Stavanger bli ferjefri.

På side 266 i tabell 13.1 Nye store prosjekter med oppstart i første seksårsperiode er E39 Ådland – Svevatjørn (Hordfast) prioritert med 14 milliard kr i statlege midlar i perioden 2024-2029 og med 5 milliard frå annan finansiering. I ein fotnote står følgjande: «Aktuelt med anleggsstart med bompengar i første seksårsperiode forutsatt betydelige kostnadsreduksjoner.»

Bakgrunn – plangrunnlag mm

- Plangrunnlag. Kommunedelplan har vore ute på høyring og etter nokre mindre justeringar som det er utført tilleggs-KU på, som også har vore på høyring.
- Prosjektet vil avløyse tre ferjesamband: Riksvegsambandet E39 Sandvikvåg – Halhjem (i 2017 var ådt 2709) og fylkesvegsambanda fv 49 Halhjem – Våge (ådt 515) og fv 49 Jektavik – Hodnaneset (ådt 460).
- NTP 2018 – 2023 føreset/aktuelt med anleggsstart i perioden 2018 – 23 med bompengar med reduserte anleggskostnader. Sidan det no ligg føre nye og lågare overslag vil bomselskapet (Hordfast AS) søkje om å få krevje inn førehandsbompengar på dei ferjesambanda som vert avløyst av Hordfast.

Lokalpolitisk handsaming

- Kommunane Stord, Fitjar, Tysnes og Os må handsame søknaden før den går via Statens vegvesen Region vest til Hordaland fylkeskommune til handsaming. Statens vegvesen Region vest sender søknaden over til Vegdirektoratet med dei lokale vedtaka.

Bompengeopplegg

- I tråd med sentrale retningslinjer vil bompengane kome som eit sonetillegg til den ordinære ferjetaksten for køyretøy. Sonetillegget er utan moms og vil vere ulikt for dei tre sambanda på grunn av ulik soneplassering. El-bilar betalar i dag halv takst på fylkesvegferjene og det er naturleg at dei då betalar halv bomtakst. Ein vil søkje om å få godkjent halv bomtakst for El-bilar også på riksvegsambandet Sandvikvåg – Halhjem.
- Det vet søkt om et sonetillegg på Sandvikvåg – Halhjem på 5 takstsoner; dvs frå sone 22 til sone 27, då vil tillegget for ein liten bil vere på 33 kr. For større bilar vil det naturleg ligge høgare. Ein semitrailer i gruppe 14 – 17 m vil få eit påslag på 140 kr.
- Fylkesvegferjene Våge – Halhjem og Hodnanes –Jektevik er typiske pendlar samband, der det også er varsla ein høgare ordinær takst. Derfor søkjer ein berre om eit påslag på henholdsvis 2 og 1 takstsoner for disse to ferjestrekningane.

- For Våge – Halhjem vil då tillegget for liten bil utgjere 12,60 kr eller 8,8%, dvs 2 takstsoner, frå sone 13 til sone 15. For Jektevik – Hodnanes vil eit tillegg på 1 sone frå 3 til 4 utgjere 7,20 kr, eller 9,8% for liten bil.
- Dersom fylkeskommunen held fast ved dagens rabattsatsar på ferjebilletten, søker ein om den same rabatt satsen på bompengane, då vert (takstane og) inntektene på dei to fylkessambanda redusert, truleg med 1,0 til 1,5 mill kr lågare enn tala i tabellen under.
- Bominntektene vil primært gå til planlegging av prosjektet og eventuelt grunnverv. Etter vedtak om bygging vil inntektene hete parallell bompengar som også kan nyttast til investeringar eller finansiering av låneopptak.
- Dersom det etter tre års innkrevjing ikkje er gjort vedtak om forlenga bomperiode eller realisering av prosjektet skal ubrukte bompengar nyttast til tilstøytande vegar i Stord/Fitjar, Os og Tysnes.
- Basert på 2017-trafikken på ferjene og dagens dei bomtakstane som er nemnt tidlegare vil dei årlege inntektene frå førehandsinnkreving sjå slik ut:

Sum bompengar pr. år - alle tre sambanda utan rabatt.		Bomtast
47 560 000	Sandvikvåg - Halhjem	33.30
2 572 000	Våge - Halhjem	12,60
1 383 000	Jektevik - Hodnanes	7,20
51 415 000	Sum bompengeinntekter pr. år.	

Med ein viss reduksjon på grunn av avvisingseffekten og godtgjersle til ferjeselskapa må ein rekne med ei netto årleg inntektstap på 1-2 mill kr.

Konklusjon

Hordfast AS er opptekne av ei snarleg realisering av prosjektet E39 Ådland-Svegatjønn. I NTP opnast det for ein forsering med såkalla annan finansiering i første del av planperioden.

Det er ein mogelegheit ein bør nytta seg av. Ein ber derfor om at kommunane Os, Fitjar, Tysnes og Stord sluttar seg til prinsippet om førehandsbompengar på ferjene som vert avløyst av prosjektet når det står ferdig, i tråd med føresetnadene ovanfor.

Ein ser det og som viktig at kommunane har ei felles haldning til dette, då det utvilsamt vil styrke saka i den vidare behandlinga og utforminga av konkret søknad hos Statens vegvesen. Ein slik sak går då vidare til Hordaland fylkeskommune og Stortinget.

Vedlegg – notat fra Statens vegvesen 110618

160818 PSM/ØH

